



Møteprotokoll for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 09.11.2020
Møtestad: Teams
Møtetid: 12.00 - 13.50

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Reidar Knutsen	SAFO	Nestleiar
Svein Arne Vabø	SAFO	Medlem
Liv Erstad	FFO	Medlem
Bente Orlen Westervik	FFO	Medlem
Jannicke Helland	FFO	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Konrad Risnes	SAFO	Settemedlem
Magne Bjørndal	FFO	Utvalsleiar

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Erling Jacobsen	FFO	Magne Bjørndal

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Helge Kvam-fagansvarleg Helse og omsorg, Kari Hesjedal-leiar Forvaltningskontor, Eileen Feste-kulturkonsulent, Nora Gjerde-sekretær.

Sakliste

Saknr	Tittel
049/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
050/20	Godkjenning av møteprotokoll
051/20	Oppretting av prisar til kultur, idrett og frivilligheit i Alver kommune

- 052/20 Retningslinje for kommunalt følge på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne
- 053/20 Meldingar og orienteringar - 09.11.2020

049/20: Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 09.11.2020:

Behandling:

Ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 049/20 Vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

050/20: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 09.11.2020:

Behandling:

Møteprotokollen frå møte - 12.10.2020 vert godkjent, samrøystes.

RMNF- 050/20 Vedtak:

Møteprotokollen frå møte - 12.10.20 er godkjent.

051/20: Oppretting av prisar til kultur, idrett og frivilligheit i Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune innfører ei ordning med 3 ulike prisar som skal anerkjenne innsatsen som vert lagt ned innan kultur, idrett og frivilligheit i kommunen.

Det skal årleg delast ut pris innan kategoriane kultur, idrett og frivilligheit.

Prisane skal vere likeverdige.

Prisane vert delt ut etter utarbeidd retningsline som ligg ved saka.

Ungdomsråd 05.11.2020:

Behandling:

UR- 048/20 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.
Ungdomsrådet ynskjer at administrasjonen ser på moglegheiten for å oppretta ein "pris til ungdom" òg.

Samrøystes

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 09.11.2020:

Behandling:

Orienterig til saka v/Eileen Feste-Kulturkonsulent

Fellesframlegg v/Reidar Knutsen-SAFO:

RMNF støttar at Alver kommune innfører ei ordning med 3 likeverdige prisar innan kultur, idrett og frivilligheit.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 051/20 Vedtak:

RMNF støttar at Alver kommune innfører ei ordning med 3 likeverdige prisar innan kultur, idrett og frivilligheit.

052/20: Retningslinje for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner ei prøveordning med retningslinje for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne for perioden 2021 – 2022. Prøveordninga har følgjande føresetnad:

1. Ein legg til grunn retningslinje punkt 1-9 jamfør vedlegg.
2. Alver kommune skal ikkje ha meirkostnad til drift ved etablering av ordninga. Kommunale meirkostnader i prøveperioden skal dekkast av brukar jamfør sjølvkostprinsipp.
3. Alver kommune dekker kostnad med administrering og sakshandsaming av ordninga.
4. Det vert utforma evalueringsrapport innan desember 2022.

Ungdomsråd 05.11.2020:

Behandling:

UR- 049/20 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 09.11.2020:

Behandling:

Orientering til saka v/Helge Kvam-fagansvarleg Helse og omsorg

Fellesframlegg v/Reidar Knutsen-SAFO:

RMNF støttar at det opnast for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for

personar med nedsett funksjonsevne og at Alver kommune dekker kostnadane med administrering og sakshandsaming av ordninga. RMNF bed kommunestyret om at punktet «å sikre at det ikkje oppstår kommunal meirkostnad for Alver kommune ved gjennomføring av Ordninga» tas ut av retningslinjene og punktet «Alver kommune dekker ekstrakostnader til løn» tas inn, subsidiært "Kommunen opprettar eit «feriefond» til full/delvis utgiftsdekking til løn, døgntillegg og diett". Ved tilsvarende prosjekter bør brukerorganisasjonene involveres direkte i prosjektarbeidet, ikke bare i referansegruppemøter.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 052/20 Vedtak:

RMNF støttar at det opnast for kommunalt følge på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne og at Alver kommune dekker kostnadane med administrering og sakshandsaming av ordninga. RMNF bed kommunestyret om at punktet «å sikre at det ikkje oppstår kommunal meirkostnad for Alver kommune ved gjennomføring av Ordninga» tas ut av retningslinjene og punktet «Alver kommune dekker ekstrakostnader til løn» tas inn, subsidiært "Kommunen opprettar eit «feriefond» til full/delvis utgiftsdekking til løn, døgntillegg og diett". Ved tilsvarende prosjekter bør brukerorganisasjonene involveres direkte i prosjektarbeidet, ikke bare i referansegruppemøter.

053/20: Meldingar og orienteringar - 09.11.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 09.11.2020:

Behandling:

Orientering til saka v/Kari Hesjedal-avd.leiar Forvaltning

Fellesframlegg v/Knutsen-FFO:

RMNF bed om at Alver styrker den reelle brukarmedverknad ved tildeling og utforming av avlastningstenester og andre tenester etter Helse- og omsorgstenestelova.

RMNF bed om at informasjon om avlastningshelger som blir ledige gjøres kjent slik at andre kan søke.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 053/20 Vedtak:

RMNF bed om at Alver styrker den reelle brukarmedverknad ved tildeling og utforming av avlastningstenester og andre tenester etter Helse- og omsorgstenestelova.

RMNF bed om at informasjon om avlastningshelger som blir ledige gjøres kjent slik at andre kan søke.